

**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Video, Fjernmøte
<b>Dato:</b>	19.01.2021
<b>Tid:</b>	09:00-16:20

**Følgjande faste medlemer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Askeland	Leiar	SP
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KRF
Alfred Jens Bjørlo	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsén	Medlem	UA
Terje Søviknes	Medlem	FRP Gjekk kl. 13
Sigbjørn Framnes	Medlem	FRP

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Jenny Ellaug Følling	Aleksander Øren Heen	SP Gjekk kl. 10.30
Sigrid Brattabø Handegard	Aleksander Øren Heen	SP Frå 10.30 til 14.30
Hilde Horpen	Aleksander Øren Heen	SP Frå kl 14.30
Helge Stormoen	Terje Søviknes	FRP Frå kl. 13

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør opplæring og kompetanse
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering/konst. fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport
Bertil Søfteland	Leiar politisk sekretariat
Petter Lem Gullestad	Spesialrådgjevar/møtesekretær

**Saksliste**

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>	<b>U.Off</b>
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 2/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 3/21	Godkjenning av protokoll frå møte 10.12.2020	2021/646	
GK 4/21	Godkjenning av protokoll frå møte 07.01.2021	2021/646	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 1/21	Revidert Bømlopakke - Vidare saksgang for eventuell proposisjon til Stortinget	2020/49137	
RS 2/21	Status for Karriere Vestland	2020/79422	
RS 3/21	Tilrettelegging for utlysing av nullutsleppspilot snøggått	2020/35690	
RS 4/21	Forvaltningsplanar etter vassforskrifta	2020/42274	
RS 5/21	Tilskot til fylkesveggar som er viktige for fiskeri og akvakultur - Tildeling	2020/59884	
RS 6/21	VLFK Pensjon - resultat av handsaming ved Oslo byfogdembete	2020/38029	
RS 7/21	Konkursbu etter Sykkel-VM 2017 i Bergen - rettsleg avklaring	2021/881	
RS 8/21	Aksjonærinformasjon frå Fjord Invest Såkorn AS - tredje kvartal 2020	2020/35102	X
	<b>Skriftlige spørsmål</b>		
SI 1/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - pensjon	2020/36319	
SI 2/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - snømåking sykkel	2020/36319	
SI 3/21	Spørsmål frå Hammer (SV) - rutetabell ikkje på haldeplass	2020/36319	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/21	Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding og hovudmål	2020/36671	
PS 2/21	Eigarstyring Bybanen AS	2020/54631	
PS 3/21	Konkurransetsetting av båtsamband i Sogn og Fjordane	2020/35690	
PS 4/21	Båtanbod rutepakke 3 - opsjon universell utforming	2020/35690	
PS 5/21	Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Endring av garantivedtak	2020/49137	
PS 6/21	Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden	2020/75922	
PS 7/21	Høyringsvar på framlegg om endringar i mellom anna opplæringslova om behandling av personopplysningar	2020/77700	
PS 8/21	Fråsegn til høyring av Statnett sin KVU for Bergen og omland	2020/78117	
PS 9/21	Høyring og offentleg ettersyn av Kommuneplan for Gloppen 2020 - 2030 - Arealdelen	2020/75398	
PS 10/21	Arealdelen til kommuneplanen 2020 - 2030 for Solund kommune. Fråsegn til offentleg ettersyn av utkast til plan	2020/75580	
PS 11/21	Regional plan for innovasjon og næring - høyringsframlegg	2020/74003	
PS 12/21	Høyring- forskift til trossamfunnsloven om forvaltning av kirkebygg	2020/77398	
PS 13/21	Stønad til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO)	2020/42949	
PS 14/21	Høyring: NOU 2020:12: Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn	2020/78489	
PS 15/21	Invitasjon til å teikne aksjar i investeringsfondet Peak Venture I AS	2020/35102	
PS 16/21	Innspel til norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram	2020/78924	
PS 17/21	Nasjonal rassikringsgruppe - uttale til foreslåtte vedtekter frå 2020	2020/45365	

## Godkjenningssaker

### **GK 2/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

Møteinnkallinga og saklista vart godkjend utan merknader.

### **GK 3/21 Godkjenning av protokoll frå møte 10.12.2020**

Protokoll frå møte 10.12.2020 vart godkjend utan merknader.

### **GK 4/21 Godkjenning av protokoll frå møte 07.01.2021**

Protokoll frå møte 07.01.2021 vart godkjend utan merknader.

## Referatsaker

RS 1/21 Revidert Bømlopakke - Vidare saksgang for eventuell proposisjon til Stortinget

Vart referert.

RS 2/21 Status for Karriere Vestland

Vart referert.

RS 3/21 Tilrettelegging for utlysning av nullutsleppspilot snøggått

Vart referert.

RS 4/21 Forvaltningsplanar etter vassforskrifta

Vart referert.

RS 5/21 Tilskot til fylkesvegar som er viktige for fiskeri og akvakultur - Tildeling

Vart referert.

RS 6/21 VLFK Pensjon - resultat av handsaming ved Oslo byfogdembete

Vart referert.

RS 7/21 Konkursbu etter Sykkel-VM 2017 i Bergen - rettsleg avklaring

Vart referert.

RS 8/21 Aksjonærinformasjon frå Fjord Invest Såkorn AS - tredje kvartal 2020

Vart referert.

# Skriftlige spørsmål

## SI 1/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - pensjon

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 19.01.2021

Marthe Hammer (SV); om pensjon

«Viser til RS sak 6/20 om kjenninga i Oslo byfogdembete når det gjeld oppfølging av fylkestingets vedtak om tenestepensjon, og tek denne til etterretning

Spørsmål 1: Kvifor er det ikkje er ei referatsak om at fylkeskommunen sitt avslag på innsyn til sakspapira til saka om tenestepensjon vart oppheva av fylkesmannen i brev av 17. desember 2020. I vedtaket står det at saka skal til ny handsaming i fylkeskommunen. Kvifor ligg ikkje dette føre som ei referatsak.

Fylkesmannen gjorde slikt vedtak 17. desember:

«Fylkesmannen opphever Vestland fylkeskommune sitt avslag på innsyn i saksframlegget for Fylkestinget og evalueringsrapport fra Pareto Forsikringsmegling AS datert 11.09.2020 i sak 2020/38029. Saken hjemvises for ny behandling i kommunen.»

Spørsmål 2: Kva har fylkeskommunen tenkt å gjere i den nye handsaminga? Vil alle sakspapira verte offentlege, på kva måte?

Spørsmål 3: Saka om tenestepensjon har vore unnateke offentlegheit gjennom heile prosessen, men kjennelsen i Oslo byfogdembete er tydeleg på at dei to tilbydarane hadde to jamngode tilbod, og at det var skjønsmessige vurderingar som vart avgjerande for å velje den eine framfor den andre, og at det har fylkestinget rett til å gjere. Kva er fylkesrådmannen sine vurderingar rundt sakshandsaminga og offentlegheitas muligheit til å følgje med og diskutere ei så viktig og prinsipiell sak, når det no viser seg at ein ikkje får medhald frå fylkesmannen i at sakspapira skal vere unnateke innsyn?»

### Svar frå fylkesrådmannen:

#### **Svar på spørsmål 1:**

Etter at Oslo byfogdembete si avgjersle kom 18. desember 2020 vart arbeidet med å underteikne kontrakten med Storebrand prioritert. Denne måtte som kjent vere inngått før årsskiftet. Det er vanleg praksis at Innkjøpsseksjonen handterer alle krav om innsyn i tilbod, fordi det til grunn for desse sakene hovudsakleg ligg eit fagleg skjønn. Det er ikkje vanleg praksis at spørsmål om innsyn i ordinære anbudsprosessar vert lagt fram til politisk orientering eller handsaming.

#### **Svar på spørsmål 2:**

Vestland fylkeskommune vil sladde ut alt som er forretningsløyndomar av saksframlegga og gje innsyn i sladda versjon av innstillinga frå Pareto og innsyn i sladda versjon av saksframlegget til administrasjonsutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget.

Det er teke kontakt med Storebrand (notat frå advokatfirma Mageli om soliditet) og Pareto (innstillinga) for å avklare korleis dokumenta vert sladda. Etter at vi har motteke innspel frå dei to selskapa, vil VLFK gjere ei sjølvstendig vurdering av kva som vert gjort tilgjengeleg for ålmenta. Fylkesrådmannen legg til grunn at dette arbeidet er ferdig i løpet av kort tid.

Dei som ønskjer innsyn, må be om dette på ordinært vis ved å ta kontakt med VLFK og be om å få tilsendt dei aktuelle dokumenta.

#### **Svar på spørsmål 3:**

Fylkesmannen har beden om ny handsaming av kva det vert gjeve innsyn i - sjå vedlegg. VLFK vil som nemnt sladde ut det som er forretningsløyndomar frå alle aktuelle dokumenta og gjere desse tilgjengeleg for ålmenta. Dette må etter fylkesrådmannen si vurdering gjerast i samråd med dei som har skreve dokumenta ut frå kva dei ser på som forretningsløyndomar. VLFK kan ikkje gjere offentleg tilhøve som er forretningsløyndomar og må vere sikker på at vi ikkje kjem i ansvar for å ha publisert slike.

Fylkesrådmannen understrekar at administrasjonsutvalet, fylkesutvalet og fylkestinget har fått tilgang til alle dokumenta i saka som grunnlag for si sakshandsaming og vedtak.

## Vedlegg:

- Oversending av klage på avgjerd om delvis nekting av innsyn, brev frå Vestland fylkeskommune, 17.11.2020
- Vedtak i klagesak - Vestland fylkeskommune - innsyn i sak 20/38029 - tjenestepensjon til ansatte og folkevalgte - KLP, brev får Fylkesmannen i Vestland, 17.12.2020

## SI 2/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - snømåking sykkel

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

### Marthe Hammer (SV); om snømåking sykkel

«Det er vinter på Vestlandet, og med det utallige medieoppslag om utfordringar i trafikken. Til og med i Bergen har det vore vinter, noko som ikkje er daglegdags. Det er eit mål å få fleire til å gå og sykle, og spesielt no i koronatida er det ei oppfordring om å gå og sykle meir. Talet på heilårsyklistar stig, men det er framleis eit stort potensial for å få fleire, men da er det viktig at vintervedlikehaldet gjer det mogleg å sykle, også når det har snødd mykje.

Spørsmål til fylkesrådmannen

- Kor mange klagar og avvik på vintervedlikehaldet og snørydding på sykkelveg har komme inn i samband siste vekers snøfall for Bergen? På kva fora og kanalar er desse blitt meldt inn? Og kva er den føretrekte kanalen for å melde inn avvik på sykkelvegen?
- På facebookgruppa "På sykkel i Bergen" er det ei rekke eksempel på strekningar der bilvegen er fri for snø, mens sykkelvegen/feltet som ligg like ved er snødekt. Korleis er snørydding av sykkelveier prioritert i driftskontraktene, kor konkrete er dei, kva snødybde innan kva tid skal det ryddast for snø og saltet?
- Kva tiltak gjennomfører fylkeskommunen for å påse at driftskontrakt for vintervedlikehold blir fulgt opp og eventuelle avvik blir registrert. Ei utfordring for syklistar, men også gåande, er overgangen mellom bilveg og sykkelveg. Det er fleire eksempel å vise til, men eitt av dei er fotgjengerfeltet i lyskrysset i Fjøsangerveien ved Esso. Eit av dei mest trafikkerte sykkelkryssene i Bergen. Måndag 11.januar hadde denne så høge brøytekantar at ein var nødt til å løfte sykkelen for å krysse vegen. Kven sitt ansvar er det å sikre at også krysningspunkt mellom sykkelveg og bilveg, sykkelveg, gangfelt og tunnellar også vert måkt? Er dette tatt høgde for i kontraktane?»

### Svar frå fylkesrådmannen:

#### *Første kulepunkt - klager og avvik*

Vegtrafikkentralen (telefon 175) har motteke 33 klager i veke 2. Dette gjelder klager på fortau, overgangsfelt og gang- og sykkelveg. Det meste av klagene gjelder glatte fortau i Bergen sentrum. Klager meldt til andre enn vegtrafikkentralen er vanskelig å talfeste. Vi oppfordrer alle som har noko å melde på vegnettet til å bruke telefon175, då dette vert loggført. Loggføringa er eit viktig verktøy for å følgje opp entreprenøren.

#### *Andre kulepunkt - snørydding i driftskontraktane*

Snørydding av sykkelveg vert prioritert ut frå kva standard som er vald på dei ulike sykkelvegane. Det er to standardar som vert nytta i driftskontraktane og det er GsA og GsB.

- GsA er ein vinterdriftsstandard som skal nyttast i bymessige strøk med høg gang- og sykkeltrafikk, og medfører krav om bar veg på dagtid så langt det er mogleg
- vegar med driftsstandard GsB kan ha noko snø- og isdekke.

GsA er ein dyr standard, og denne er vald på nokre vegar rundt sentrum. På ein sykkelstrekning kan det vera både riksveg, fylkesveg, kommunal veg og privat veg som då har ulik standard, og som ein kan oppleve som ulike. Gjennom kontrakten er det skildra kva krav som gjeld, og om salt

har effekt eller ikkje. Det er på gang- og sykkelveggar også krav til tiltakstid, slik som det er på køyrevegane.

#### *Tredje kulepunkt - tiltak for oppfølging av driftskontrakt*

Dette vert følgt opp gjennom stikkprøvekontrollar. Resultatet frå desse kontrollane vert oversendt til entreprenøren. Ein kontroll kan ende opp i ein sanksjon dersom entreprenøren ikkje har utført oppgåva i samsvar med krava i kontrakten. Den aktuelle natta med stort snøfall vart det gjennomført stikkprøvekontrollar.

#### *Fjerde kulepunkt - overgang mellom bilveg og sykkelveg*

Den aktuelle vegen det vert vist til er ein riksveg. Det er også i kontrakten skildra korleis overgangar skal ivaretakast. Når det gjelder Bergenskontrakten så inneheld den både riksveggar og fylkesveggar, og Statens Vegvesen har frem til 01.09.21 også ansvar for å drifte fylkesvegane.

## **SI 3/21 Spørsmål frå Hammer (SV) - rutetabell ikkje på haldeplass**

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

### **Marthe Hammer (SV); om rutetabell ikkje på haldeplass**

«Det er fleire eksempel på at rutetabellen for buss på haldeplassen er erstatta av ein plakat der ein viser til rutetabell på nett og app.

Spørsmål:

«Er dette riktig, har ein no slutta å slå opp rutetabellen på haldeplassane? Når slutta ein å sette opp ruteinformasjon? Viss ja, kva er grunngevinga for å slutte å sette opp ruteinformasjon på haldeplassane?»

#### Svar frå fylkesrådmannen:

For tida gjennomfører Skyss ein avgrensa test på haldeplassane på linje 10, der nokre rutetabellar er erstatta av ein QR kode. Når ein opnar kamera på smarttelefonen og «skannar» QR koden, opnar ruteavgangen frå den aktuelle haldeplassen seg. På plakaten kan ein lese at all ruteinformasjon også er tilgjengeleg på skyss.no og i vår reiseplanleggjar app.

Skyss ønskjer å utforske moglegheitene som ligg i ei slik teknisk løysing. Frå den reisande sin ståstad vil ei slik løysing kunne sikre at ruteinformasjonen på haldeplassen til ein kvar tid er oppdatert og riktig. I ei slik løysing blir også statisk/tradisjonell ruteinformasjon erstatta med ein dynamisk visning basert på sanntid. Linje 10 har hatt nokre mindre forseinkingar som følge av snøfall og glatte vegar dei siste dagane, og då vil ein sanntidsvisning ha verdi.

Frå Skyss si side vil ei slik løysing også kunne effektivisere ressursbruk og oppnå kostnadsreduksjonar. I testperioden vert den faktiske bruken av QR kode-løysinga samt henvendingar til kundeservice kartlagt. Det vil også bli gjennomført ei spørjeundersøking for å kartlegge meir om kundeopplevinga hos reisande på den aktuelle linja.

# Politiske saker

## PS 1/21 Regional transportplan for Vestland 2022 - 2033 - Løypemelding og hovudmål

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland er «Vestland skal ha eit trafikksikkert og framtidretta transportsystem som legg til rette for berekraftig mobilitet og samfunnsutvikling».

2. Fylkesutvalet sluttar seg til framdriftsplanen slik den er skissert i saksframlegget.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

**Frank Willy Djuvik (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Ta inn ordet "effektivt" som del av målformuleringen.»

**Mona Høgli (MDG)** sette på vegner av MDG, SV, A, Krf og Sp fram slike forslag:

«Alternativ punkt 1:

Vestland skal ha eit trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»

«Endring stikkord under Mål 2:

Endre frå «Bremse nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap» til «Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap»»

**Gunnar Moland (H)** sette fram slikt forslag:

«Tilleggsforslag i tabell under stikkordene til Mål 4:

Etter «Legge til rette for deltaking for alle aldrar.», tillegg: «og for menneske med nedsett funksjonsevne»»

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slike forslag:

«Tillegg under Mål 1:

«Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet»

«Redusere reisetid»»

### Avrøysting

Innstillinga punkt 1 fekk 6 røyster (H, Frp og UA) og fall.

Høgli sitt forslag alternativ punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Djuvik sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Høgli sitt forslag endring av stikkord vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

Moland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Framnes sine forslag vart begge samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteke.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland er: «Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»



2. Stikkordstabell for kva som er viktig for å nå måla i utviklingsplan for Vestland, vert justert slik:  
Tillegg under Mål 1: Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet  
Tillegg under Mål 1: Redusere reisetid  
Endring under Mål 2: Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap  
Tillegg under Mål 4: ... og for menneske med nedsett funksjonsevne
3. Fylkesutvalet sluttar seg til framdriftsplanen slik den er skissert i saksframlegget.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 1:

Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022-2033 for Vestland er  
«Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for berekraftig mobilitet og samfunnsutvikling.»»

### Avrøysting

Ekeland Bjørkly sitt forslag fekk 8 røyster (H, Frp, FNB, UA og 1 Sp) og fall.  
Innstillinga punkt 1 vart vedteke mot 6 røyster (Frp, UA, FNB og 2 H).  
Innstillinga punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet rår til at hovudmålet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland er:  
«Vestland skal ha eit effektivt, trygt og framtidretta transportsystem som legg til rette for klima- og miljøvenleg mobilitet og berekraftig samfunnsutvikling.»
2. Stikkordstabell for kva som er viktig for å nå måla i utviklingsplan for Vestland, vert justert slik:  
Tillegg under Mål 1: Sikre god lokal / regional konkurransekraft for næringslivet  
Tillegg under Mål 1: Redusere reisetid  
Endring under Mål 2: Begrense nedbygging av viktige naturområde, naturtypar og landskap  
Tillegg under Mål 4: ... og for menneske med nedsett funksjonsevne
3. Fylkesutvalet sluttar seg til framdriftsplanen slik den er skissert i saksframlegget.

## PS 2/21 Eigarstyring Bybanen AS

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Bybanen AS.

Utvalet vedtok samrøystes at Ekeland Bjørkly var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.  
Ekeland Bjørkly tok ikkje del i saksbehandlinga.

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

I det vidare arbeidet med eigarstrategi er det ønskjeleg at innkjøpsreglar for eksterne tenester og klargjering av ansvar for tryggleik med eksternt firma som har det daglege ansvaret for drifta, vert omtalt i eigarstrategien.»

## Avrøysting

Det var 14 medlemmer til stades.  
Innstillinga vart samrøyste vedteke.  
Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg.

I det vidare arbeidet med eigarstrategi er det ønskjeleg at innkjøpsreglar for eksterne tenester og klargjering av ansvar for tryggleik med eksternt firma som har det daglege ansvaret for drifta, vert omtalt i eigarstrategien.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho er styremedlem i Bybanen AS.

Utvalet vedtok samrøystes at Ekeland Bjørkly var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2. Ekeland Bjørkly tok ikkje del i saksbehandlinga.

## Avrøysting

Det var 16 medlemmer til stades.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

## Vedtak

Fylkesutvalet vedtek eigarstrategien for Bybanen AS slik den føreligg.

I det vidare arbeidet med eigarstrategi er det ønskjeleg at innkjøpsreglar for eksterne tenester og klargjering av ansvar for tryggleik med eksternt firma som har det daglege ansvaret for drifta, vert omtalt i eigarstrategien.

## PS 3/21 Konkurransetsetting av båtsamband i Sogn og Fjordane

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 1 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 1.
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 2.
3. Fylkesutvalet ber om at produksjonsvolumet for Rutepakke 2 vert dimensjonert i samsvar med kva kommunar som har signert intensjonsavtale om kommunale tilleggskjøp før konkurransekunngjering.
4. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å kunngjere konkurransane i samsvar med punkta 1, 2 og 3. Konkurransane omfattar eit hovudtilbod med delvis nullutsleppsteknologi og ein opsjon om kortvarig konvensjonell drift. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å tildele og signere slike kontraktar etter endt konkurranse.
5. For fylkesutvalet vil bruk av nullutsleppsteknologi avhenge av at fylkeskommunen mottek tilstrekkeleg støtte frå verkemiddelapparatet og statleg medfinansiering. Fylkesutvalet ber politisk og administrativ leiing drøfte med sentrale styresmakter korleis dei nasjonale og regionale ambisjonane om utsleppskutt kan verte finansiert. Finansieringssituasjonen må avklarast før fylkeskommunen tek endeleg stilling til bruk av hovudtilbod eller opsjon.
6. Etter kontraktsignering, når kostnadene er kjend og finansieringssituasjonen er avklart, kjem fylkesrådmannen attende til fylkesutvalet med framlegg til bruk av hovudtilbodet (delvis nullutsleppsteknologi) eller opsjonen (kortvarig konvensjonell drift). Dette må skje før det gjerast større investeringar i fartøy eller på landside.

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021

### **Frank Willy Djuvik sette fram slikt forslag til utsetjing:**

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet utset saka til neste møte. Ein ber om at det vert utgreia ei løysing med raskare fartøy på kystvegekspressen, og at ein vurderer mulige konsekvensar av ei rute nordover til/frå Ålesund etter Stad skipstunnel opnar i 2025. Ein kan vurdere å sjå kystvegekspressen i samanheng med ei framtidig rute mot Ålesund.»

### **Avrøysting utsetjingsforslag**

Djuvik sitt forslag fekk 2 røyster (Frp) og fall. Saka vart difor realitetsbehandla.

### **Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, A, Krf, MDG, Sp og H fram slike forslag:**

«Tillegg punkt 1:

«..., men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).»

«Tillegg punkt 2:

«..., men med følgjande endringar:

- alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).

- Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågåande samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspressen (Florø-Måløy-Selje).»

### **Frank Willy Djuvik (Frp) sette fram slike forslag:**

«Tillegg punkt 2:

Før utlysning skal ein utgreie ei løysing med hurtigare fartøy på Kystvegekspressen.»

«Nytt punkt 7:

Fylkesutvalet ber om at det før utlysning vert utgreia korleis konkurransen kan innrettast slik at det ikkje hindrer framtidige rutekjøp nordover mot Ålesund etter at Stad Skipstunnel opnar.»

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Hammer sine forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Djuvik sine forslag fekk 3 røyster (Frp og UA) og fall.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 1 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 1, men med følgjande endringar:
  - alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 2, men med følgjande endringar:
  - alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).
  - Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågåande samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspressen (Florø-Måløy-Selje).
3. Fylkesutvalet ber om at produksjonsvolumet for Rutepakke 2 vert dimensjonert i samsvar med kva kommunar som har signert intensjonsavtale om kommunale tilleggskjøp før konkurransekunngjering.
4. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å kunngjere konkurransane i samsvar med punkta 1, 2 og 3. Konkurransane omfattar eit hovudtilbod med delvis nullutsleppsteknologi og ein opsjon om kortvarig konvensjonell drift. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å tildele og signere slike kontraktar etter endt konkurranse.
5. For fylkesutvalet vil bruk av nullutsleppsteknologi avhenge av at fylkeskommunen mottek tilstrekkeleg støtte frå verkemiddelapparatet og statleg medfinansiering. Fylkesutvalet ber politisk og administrativ leiing drøfte med sentrale styresmakter korleis dei nasjonale og regionale ambisjonane om utsleppskutt kan verte finansiert. Finansieringssituasjonen må avklarast før fylkeskommunen tek endeleg stilling til bruk av hovudtilbod eller opsjon.
6. Etter kontraktsignering, når kostnadene er kjend og finansieringssituasjonen er avklart, kjem fylkesrådmannen attende til fylkesutvalet med framlegg til bruk av hovudtilbodet (delvis nullutsleppsteknologi) eller opsjonen (kortvarig konvensjonell drift). Dette må skje før det gjerast større investeringar i fartøy eller på landside.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

Utvalet slutta seg til at notat distribuert i forkant av møte til medlemene og møtande varamedlemer frå administrasjonen, vart lagt som vedlegg til møteprotokoll.

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette på vegner av Frp, H, FNB og UA fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 2:

Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 2, men med følgjande endringar: For å sikre ei effektiv pendlarrute ber fylkesutvalet om at administrasjonen utarbeider anbodet i tråd med alternativ 1 i notatet til FU 19.01.2021, og lyser ut eigen kontrakt på Kystvegekspressen med dieseldrift fram til pilotfartøyet er godkjend.»

**Terje Søviknes (Frp)** sette på vegner av Frp, H, FNB, UA, A, Sp, Krf, V, MDG og SV fram slikt felles forslag:

«Nytt punkt:

Ved utarbeiding av endeleg kontrakt for Rutepakke 1 og Rutepakke 2 skal det innarbeidast endringsklausul som gjev oppdragsgjevar rett til å påleggje operatør endringar i ruteproduksjonen som følgje av ferdigstilling av Stad skipstunnel. Dette gjev rom for framtidig utviding av hurtigbåttilbodet nordover til Ålesund, enten gjennom endring i

kontrakt for Rutepakke 1/Rutepakke 2 eller utlysning av nytt anbud på strekninga. Løysinga må sikre at ein har høve til å starte "Ålesund-ruta" i Florø for å sikre best mogeleg passasjergrunnlag.»

**Alfred Bjørlo (V)** sette på vegner av V, Sp, A, MDG, Krf og SV fram slikt forslag:

«Tillegg til innstillinga punkt 2:

For å sikre ei effektiv pendlarrute ber fylkesutvalet om at administrasjonen utarbeider anbodet i tråd med notatet til FU 19.01.2021 under overskrifta: «Korleis kan vi leggje til rette for permanent bruk av pilotfartøy på Kystvegekspressen?», og lyser ut eigen kontrakt på Kystvegekspressen fram til pilotfartøyet er godkjend.

Fylkesutvalet gjev rådmannen fullmakt til å forhandle fram løysingar i denne kontrakten som gjev dei reisande båtar med kortare reisetid og lågast mogleg klimautslepp, herunder same krav om bruk av fornybart biodrivstoff som på resten av rutepakkene. Fylkesutvalet ønskjer å få klargjort korleis Kystvegekspressen innanfor budsjett- og klimaramme, kan ha høgare fart, til dømes gjennom ein opsjon på høgare fart.»

### **Avrøysting**

Innstillinga utan punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, UA og FNB) og fall.

Bjørlo sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og FNB).

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 1 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 1, men med følgjande endringar:
  - alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).
2. Fylkesutvalet ber om at konkurransen og kontrakten for Rutepakke 2 vert utforma i samsvar med administrasjonen sitt forslag i Vedlegg 2, men med følgjande endringar:
  - alt drivstoff i kontrakten skal være fornybart. Resterande drivstoff som ikkje vert dekt av nullutsleppsteknologi, skal vere berekraftsertifisert biodrivstoff (ikkje palmeolje, eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon).
  - Fylkesutvalet føreset at nullutsleppspiloten i det pågåande samarbeidet med Trøndelag vert gjennomført på strekninga for Kystvegekspressen (Florø-Måløy-Selje).

For å sikre ei effektiv pendlarrute ber fylkesutvalet om at administrasjonen utarbeider anbodet i tråd med notatet til FU 19.01.2021 under overskrifta: «Korleis kan vi leggje til rette for permanent bruk av pilotfartøy på Kystvegekspressen?», og lyser ut eigen kontrakt på Kystvegekspressen fram til pilotfartøyet er godkjend.

Fylkesutvalet gjev rådmannen fullmakt til å forhandle fram løysingar i denne kontrakten som gjev dei reisande båtar med kortare reisetid og lågast mogleg klimautslepp, herunder same krav om bruk av fornybart biodrivstoff som på resten av rutepakkene. Fylkesutvalet ønskjer å få klargjort korleis Kystvegekspressen innanfor budsjett- og klimaramme, kan ha høgare fart, til dømes gjennom ein opsjon på høgare fart.

3. Fylkesutvalet ber om at produksjonsvolumet for Rutepakke 2 vert dimensjonert i samsvar med kva kommunar som har signert intensjonsavtale om kommunale tilleggskjøp før konkurransekunngjering.
4. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å kunngjere konkurransane i samsvar med punkta 1, 2 og 3. Konkurransane omfattar eit hovudtilbod med delvis nullutsleppsteknologi og ein opsjon om kortvarig konvensjonell drift. Fylkesrådmannen gis fullmakt til å tildele og signere slike kontraktar etter endt konkurranse.

5. For fylkesutvalet vil bruk av nullutsleppsteknologi avhenge av at fylkeskommunen mottok tilstrekkelig støtte frå verkemiddelapparatet og statleg medfinansiering. Fylkesutvalet ber politisk og administrativ leiing drøfte med sentrale styresmakter korleis dei nasjonale og regionale ambisjonane om utsleppskutt kan verte finansiert. Finansieringssituasjonen må avklarast før fylkeskommunen tek endeleg stilling til bruk av hovudtilbod eller opsjon.
6. Etter kontraktsignering, når kostnadene er kjend og finansieringssituasjonen er avklart, kjem fylkesrådmannen attende til fylkesutvalet med framlegg til bruk av hovudtilbodet (delvis nullutsleppsteknologi) eller opsjonen (kortvarig konvensjonell drift). Dette må skje før det gjerast større investeringar i fartøy eller på landside.
7. Ved utarbeiding av endeleg kontrakt for Rutepakke 1 og Rutepakke 2 skal det innarbeidast endringsklausul som gjev oppdragsgjevar rett til å påleggje operatør endringar i ruteproduksjonen som følgje av ferdigstilling av Stad skipstunnel. Dette gjev rom for framtidig utviding av hurtigbåttilbodet nordover til Ålesund, enten gjennom endring i kontrakt for Rutepakke 1/Rutepakke 2 eller utlysing av nytt anbod på strekinga. Løysinga må sikre at ein har høve til å starte "Ålesund-ruta" i Florø for å sikre best mogeleg passasjergrunnlag.

## **PS 4/21 Båtanbod rutepakke 3 - opsjon universell utforming**

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen løyse ut opsjon om universell utforming for rute 14-318 og 14-334 i kontrakten for rutepakke 3 - lokalbåtsambanda i Gulen og Solund

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen løyse ut opsjon om universell utforming for rute 14-318 og 14-334 i kontrakten for rutepakke 3 - lokalbåtsambanda i Gulen og Solund

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen løyse ut opsjon om universell utforming for rute 14-318 og 14-334 i kontrakten for rutepakke 3 - lokalbåtsambanda i Gulen og Solund

## **PS 5/21 Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Endring av garantivedtak**

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Bømlopakke, vedtaks punkt 11 siste setning vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».
2. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Kvinnheradpakke,, vedtaks punkt 10 siste setning, vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å

krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og FNB).

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Bømlopakke, vedtakspunkt 11 siste setning vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».
2. Fylkestinget godkjenner at ordlyden i fylkestinget sitt garantivedtak for revidert Kvinnheradpakke,, vedtakspunkt 10 siste setning, vert endra frå «Det føresettast at garantien vert sikra 1. prioritet i retten til å krevje inn bompengar» til «Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar».

## **PS 6/21 Verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden**

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet ser positivt på etablering av eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.
2. Fylkesutvalet tek arbeidet med forprosjektet til vitande.

## **Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021**

Knut Inge Andersen (FNB) stilte spørsmål om han var inhabil. Andersen gjekk frå under vurderinga av spørsmålet av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes at Knut Inge Andersen ikkje var inhabil.

Knut Inge Andersen tiltredde saksbehandlinga.

**Kjell Gitton Håland (Ap)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 3:  
Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber om ei samla sak med oversikt over status for dei tre planlagte verdsarventra for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje»

### **Avrøysting**

Innstillinga med Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet ser positivt på etablering av eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.
2. Fylkesutvalet tek arbeidet med forprosjektet til vitande.
3. Hovudutval for kultur, idrett og integrering ber om ei samla sak med oversikt over status for dei tre planlagte verdsarventra for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

**Noralv Distad (H)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er styremedlem i stiftinga Nærøyfjorden Verdsarvpark. Utvalet vedtok samrøystes at Distad var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 1. Distad tok ikkje del i saksbehandlinga.

**Natalia Golis (MDG)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho sit i styringsgruppa for Vestnorsk fjordlandskap. Utvalet vedtok samrøystes at Golis var habil, og ho deltok dermed i saksbehandlinga.

**Knut Inge Andersen (FNB)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då han er varamedlem i styringsgruppa for Vestnorsk fjordlandskap. Utvalet vedtok samrøystes at Andersen var habil, og han deltok dermed i saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Det var 16 medlemmer til stades.  
Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og FNB).

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ser positivt på etablering av eit autorisert verdsarvsenter for Vestnorsk fjordlandskap delområde Nærøyfjorden.
2. Fylkesutvalet tek arbeidet med forprosjektet til vitande.
3. Fylkesutvalet ber om ei samla sak med oversikt over status for dei tre planlagde verdsarventra for Vestnorsk fjordlandskap - delområde Nærøyfjorden, Bryggen i Bergen og Urnes stavkyrkje

## **PS 7/21 Høyrings svar på framlegg om endringar i mellom anna opplæringslova om behandling av personopplysningar**

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslag om endringar i mellom anna opplæringslova om behandling av personopplysningar, med dei tilrådingane som går fram av saksframlegget.

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 14.01.2021**

**Kristina Vakt skjold Hamre, KrF**, sette fram slikt tilleggsforslag:

«Tillegg til høyringsvar

4.2 - ei generell føresegn om behandling av personopplysningar i grunnskolen og vidaregåande opplæring

«Departementet føreslår at det vart fastsett ein generell føresegn i opplæringslova om at kommunen, fylkeskommunen og lærebedrifter kan behandle personopplysningar når det er nødvendig for å oppfylle rettar, forvaltningsoppgåver og plikter i eller med heimel i opplæringslova».

Tillegg under punkt 4.2; Dette bør også gjelde andre skuleeigarar.

4.3 - krav til personopplysningssikkerheit

«Departementet føreslår også at det vert spesifisert i forskrift til opplæringslova at fylkeskommunen må sørge for at den tilsette har nødvendig kunnskap om personvern og informasjonssikkerheit før det vert gitt tilgang. Kravet inneber at skuleeigar må sørge for at dei tilsette får slik opplæring».

Tillegg under punkt 4.3 ; Dette kravet bør også gjelde andre skuleeigarar enn fylkeskommunen.»

### **Avrøysting**



Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Hamre sitt forslag fekk sju røyster ( KrF, MDG, FrP, FNB, SV og 2 SP) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet støttar forslag om endringar i mellom anna opplæringslova om behandling av personopplysningar, med dei tilrådingane som går fram av saksframlegget.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

**Trude Brosvik (Krf)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg under punkt 4.2; Fylkesutvalet støttar at dette også gjeld for andre skuleeigarar, jfr pkt 4.10.2 i høyringsnotatet.

Tillegg under pkt 4.3: Fylkesutvalet støttar at dette også gjeld for andre skuleeigarar, jfr pkt 4.10.2 i høyringsnotatet.»

### **Avrøysting**

Brosvik sitt forslag fekk 7 røyster (Krf, H, Frp og V) og fall. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet støttar forslag om endringar i mellom anna opplæringslova om behandling av personopplysningar, med dei tilrådingane som går fram av saksframlegget.

## **PS 8/21 Fråsegn til høyring av Statnett sin KVV for Bergen og omland**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.
2. Vestland fylkeskommune meiner ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordringa me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønne må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.
3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel frå anten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet.
4. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at eit høgare vekstscenario er aktuelt.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.
6. Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggsbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.

### **Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021**

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da ho sit i styret til BKK, som er engasjert i Statnett sine prioriteringar. Hestetun gjekk frå møtet under vurderinga av spørsmålet om

inhabilitet. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var inhabil etter forvaltningslova § 6 andre ledd. Ho gjekk frå behandlinga av saka.

Leiar **Tor André Ljosland (KrF)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da han er nabo til ei kraftline. Ljosland gjekk frå møtet under vurderinga av spørsmålet om inhabilitet og nestleiar Sigrid Brattabø Handegard leia møtet under vurderinga. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at han var habil. Ljosland tiltredde saksbehandlinga.

**Sigrid Brattabø Handegard (Sp)** sette på vegner av Sp fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 3. Alternativ til andre setning i innstillinga:

Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane frå enten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet.»

**Terje Søviknes (FrP)** sette på vegner av FrP fram slikt tilleggsforslag:

«Utvalet ber administrasjon om eit fagnotat som gjer status for planar knytt til elektrifisering av sokkelen der dette berører kraftregionen Vestland (Bergensregionen). Notat bør også beskrive utfordringa med kraftforsyninga i Bergensregionen.»

### **Avrøysting**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet punkt 1-6 utan punkt 3, vart samrøystes vedteke.

Handegard sitt forslag vart vedteke, 12 mot 2 (A) røyster.

Søviknes sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.

2. Vestland fylkeskommune meiner ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordringa me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønne må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.

3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane frå enten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet

4. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at eit høgare vekstscenario er aktuelt.

5. Vestland fylkeskommune meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.

6. Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggsbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.

7. Utvalet ber administrasjon om eit fagnotat som gjer status for planar knytt til elektrifisering av sokkelen der dette berører kraftregionen Vestland (Bergensregionen). Notat bør også beskrive utfordringa med kraftforsyninga i Bergensregionen.

**Anne Gine Hestetun (A)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho sit i styret i BKK AS. Utvalet vedtok samrøystes at ho var inhabil, jf. forvaltningslova § 6 (1) bokstav e nr. 2.

### **Avrøysting**

Det var 16 medlemmer til stades.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn at samfunnsøkonomisk gevinst vil auke ved tidlegare ferdigstilling av tiltak.
2. Vestland fylkeskommune meiner ny forbindelse Samnanger-Kollsnes eller Modalen-Kollsnes best løyser utfordringa me møter saman med fullstendig spenningsoppgradering av eksisterande 300 kV-nett til 420 kV. Etter vårt skjønn må planlegging av forsert spenningsoppgradering starta no, i tillegg til konseptval på ny forbindelse.
3. Vestland fylkeskommune meiner sjøkabelalternativ ikkje har vore grundig nok undersøkt. Vi ber om ei utgreiing av konsept med sjøkabel på heile eller deler av strekningane frå enten Samnanger eller Modalen i tillegg til fullstendig spenningsoppgradering internt i utgreiingsområdet
4. Vestland fylkeskommune meiner Statnett må leggja til grunn høgare vekst enn det som er brukt i middelsscenarioet i analysane. Vi ber om at dette vert analysert grundigare då me meiner at eit høgare vekstscenario er aktuelt.
5. Vestland fylkeskommune meiner det er grunn til å tru at kraftforbruket vil auka utover 2030 grunna elektrifisering av industri og transport, ny næring, folkeauke, hydrogenproduksjon, mv.
6. Vi ber om at avklaringar rundt ev. anleggsbidrag for nye kundar synleggjerast så fort desse er gjort. Statnett bør gå i dialog med industriaktørane og oppdatere informasjonsgrunnlaget sitt ved viktige avgjersler i dei vidare fasane av prosjektet.
7. Utvalet ber administrasjon om eit fagnotat som gjer status for planar knytt til elektrifisering av sokkelen der dette berører kraftregionen Vestland (Bergensregionen). Notat bør også beskrive utfordringa med kraftforsyninga i Bergensregionen.

### **PS 9/21 Høyring og offentleg ettersyn av Kommuneplan for Gloppen 2020 - 2030 - Arealdelen**

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Gloppen no får ein oppdatert arealdel til kommuneplanen med føringar for ønska utvikling.
2. Utviklingsplanen for Vestland sitt mål 2 set klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Fylkesutvalet meiner kommunen bør nytte føresegnene til å setje tydelegare vilkår som legg til rette for gode klimaomstillingstiltak.
3. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Planframlegget tek i stor grad omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål. Fylkesutvalet meiner likevel at planen i større grad må sikre freda og verneverdige bygg og kulturmiljø gjennom føresegner og omsynssoner. Dette er nærare skildra i høyringsfråsegn (vedlegg 5) vedlagt saka.
4. I føresegnene pkt. 4.8 *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner* tilrår vi at det vert inkludert følgjande tekst: *Alle tiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei bidreg til å oppnå miljømål for vassførekomstar i samsvar med den regionale vassforvaltningsplanen.*
5. I samsvar med handelsføresegn med retningslinjer for Sogn og Fjordane (2019), kap.1.3. skal avgrensing av sentrumsområde vere fastsett i plankartet til kommuneplanen sin arealdel, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan som dekkjer heile sentrum. Vi ber om at dette vert inkludert i planen.

6. Vi vil gi ros til kommunen for eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag til arealdelen, noko som legg eit godt grunnlag for vurderingane i planen. Særskilt vil vi trekka fram arbeidet med kartlegging og kategorisering av stølar og stølsområde.

7. Vi meiner retningslinjene for dispensasjonshandsaming i LNF a bør trekkast ut frå planføresegnene, gjerne som vedlegg til dei.

8. LNF- spreidd fritidsbustad. Tal frådelinger til hyttetomtar tillat i perioden bør førast på arealplankartet. Det bør òg tydeleggjerast i føresegnene om føringane for frådeling av hyttetomter er avgrensa til ny utbygging, eller om eksisterande fritidsbustader innafor desse områda også er omfatta av desse føringane.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga punkt 1-6 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 7 og 8 vart vedteke mot 5 røyster (H og Frp).

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet ser det som positivt og viktig for planlegginga i kommunen at Gloppen no får ein oppdatert arealdel til kommuneplanen med føringar for ønska utvikling.

2. Utviklingsplanen for Vestland sitt mål 2 set klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga. Fylkesutvalet meiner kommunen bør nytte føresegnene til å setje tydelegare vilkår som legg til rette for gode klimaomstillingstiltak.

3. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Planframlegget tek i stor grad omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål. Fylkesutvalet meiner likevel at planen i større grad må sikre freda og verneverdige bygg og kulturmiljø gjennom føresegner og omsynssoner. Dette er nærare skildra i høyringsfråsegn (vedlegg 5) vedlagt saka.

4. I føresegnene pkt. 4.8 *Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone* tilrår vi at det vert inkludert følgjande tekst: *Alle tiltak skal planleggast og gjennomførast slik at dei bidreg til å oppnå miljømål for vassførekomstar i samsvar med den regionale vassforvaltningsplanen.*

5. I samsvar med handelsføresegn med retningslinjer for Sogn og Fjordane (2019), kap.1.3. skal avgrensing av sentrumsområde vere fastsett i plankartet til kommuneplanen sin arealdel, eller etter ei planfagleg vurdering kan ein avgrense sentrumsområde i områdereguleringsplan som dekkjer heile sentrum. Vi ber om at dette vert inkludert i planen.

6. Vi vil gi ros til kommunen for eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag til arealdelen, noko som legg eit godt grunnlag for vurderingane i planen. Særskilt vil vi trekka fram arbeidet med kartlegging og kategorisering av stølar og stølsområde.

7. Vi meiner retningslinjene for dispensasjonshandsaming i LNF a bør trekkast ut frå planføresegnene, gjerne som vedlegg til dei.

8. LNF- spreidd fritidsbustad. Tal frådelinger til hyttetomtar tillat i perioden bør førast på arealplankartet. Det bør òg tydeleggjerast i føresegnene om føringane for frådeling av hyttetomter er avgrensa til ny utbygging, eller om eksisterande fritidsbustader innafor desse områda også er omfatta av desse føringane.

## **PS 10/21 Arealdelen til kommuneplanen 2020 - 2030 for Solund kommune. Fråsegn til offentleg ettersyn av utkast til plan**

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet meiner at ein oppdatert arealdel til kommuneplanen vil bidra positivt til ei framtidretta og berekraftig samfunnsutvikling i Solund.
2. Fylkesutvalet meiner arealdelen til Solund i større grad må drøftast og utformast med bakgrunn i regionale og statlege mål om å redusere klimagassutsleppa. Utviklingsplanen for Vestland sitt mål 2 set klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.
3. Fylkesutvalet meiner det er viktig for Solund at det er eit godt utval av attraktive areal for bygging, for å stimulere til auka bulyst og næringsutvikling. Kommunen bør likevel gjere ei nærare vurdering av behovet for bustader og fritidsbustader, og om det er areal som skal takast ut av arealdelen.
4. Fylkesutvalet vil oppmode kommunen til å ta ut fem konkrete område der det er lagt til rette for bustader og fritidsbustader. Planen vil då bli meir i tråd med strategien i mål 2 i utviklingsplanen om å sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.
5. Fylkesutvalet vil oppmode kommunen til å setje krav i føresegnene til trygge trafikkkløysingar ved utbygging av LNF-område for spreidd utbygging. Der det er mogleg må utbyggjar knyte seg til eksisterande avkøyrslar og kryss, og desse skal vere opparbeidd i samsvar med handbok N100, før byggjearbeid tek til.
6. Fylkesutvalet ser positivt på dei endringane som er gjort i høve A-område, område som er avsett eksklusivt til akvakultur. Når det gjeld fleirbruksområda for natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur (NFFFA) kan det ikkje setjast krav til søknad om dispensasjon for akvakultur i område avsett til akvakultur då det allereie er opna for dette. Kommunen bør i tillegg vurdere å gje føresegner om kva artar som kan etablerast.
7. Fylkesutvalet meiner planframlegget tek omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål, og er ikkje i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Planen bør likevel i større grad sikre freda og verneverdige bygg og kulturmiljø gjennom føresegner og omsynssoner.

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

**Hilde Horpen (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 4:

Fylkesutvalet vil oppmode kommunen om å vurdere nærare fem konkrete område der det er lagt til rette for bustader og fritidsbustader. Planen vil då bli meir i tråd med strategien i mål 2 i utviklingsplanen om å sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.»

### **Avrøysting**

Innstillinga punkt 1,2, 6 og 7 vart samrøystes vedteke.  
Innstillinga punkt 3 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).  
Innstillinga punkt 4 fekk 4 røyster (FNB, SV, MDG og 1 A) og fall.  
Horpen sitt forslag punkt 4 vart vedteke mot 4 røyster (Frp, MDG og FNB).  
Innstillinga punkt 5 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og UA).

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet meiner at ein oppdatert arealdel til kommuneplanen vil bidra positivt til ei framtidretta og berekraftig samfunnsutvikling i Solund.
2. Fylkesutvalet meiner arealdelen til Solund i større grad må drøftast og utformast med bakgrunn i regionale og statlege mål om å redusere klimagassutsleppa. Utviklingsplanen for Vestland sitt mål 2 set klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga.
3. Fylkesutvalet meiner det er viktig for Solund at det er eit godt utval av attraktive areal for bygging, for å stimulere til auka bulyst og næringsutvikling. Kommunen bør likevel gjere ei nærare vurdering av behovet for bustader og fritidsbustader, og om det er areal som skal takast ut av arealdelen.

4. Fylkesutvalet vil oppmode kommunen om å vurdere nærare fem konkrete område der det er lagt til rette for bustader og fritidsbustader. Planen vil då bli meir i tråd med strategien i mål 2 i utviklingsplanen om å sikre viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar.

5. Fylkesutvalet vil oppmode kommunen til å setje krav i føresegnene til trygge trafikklysingar ved utbygging av LNF-område for spreidd utbygging. Der det er mogleg må utbyggjar knyte seg til eksisterande avkøyrslar og kryss, og desse skal vere opparbeidd i samsvar med handbok N100, før byggjearbeid tek til.

6. Fylkesutvalet ser positivt på dei endringane som er gjort i høve A-område, område som er avsett eksklusivt til akvakultur. Når det gjeld fleirbruksområda for natur, fiske, ferdsel, friluftsliv og akvakultur (NFFFA) kan det ikkje setjast krav til søknad om dispensasjon for akvakultur i område avsett til akvakultur då det allereie er opna for dette. Kommunen bør i tillegg vurdere å gje føresegner om kva artar som kan etablerast.

7. Fylkesutvalet meiner planframlegget tek omsyn til kjende kulturminne og kulturmiljø ved nye arealføremål, og er ikkje i direkte konflikt med automatisk freda kulturminne. Kulturminne og kulturmiljø er ikkje-fornybare ressursar som skal takast vare på i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Planen bør likevel i større grad sikre freda og verneverdige bygg og kulturmiljø gjennom føresegner og omsynssoner.

## PS 11/21 Regional plan for innovasjon og næring - høyringsframlegg

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek, ref. Plb.kap.5 §5-2, å sende «Grøn verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næring «slik den ligg føre i vedlegg 1 ut på høyring i perioden 25. januar 2021 - 8. mars 2021.

2. Fylkesutvalet ber hovudutval for næring å følgje opp saka i høyringsperioden. Hovudutvalet vel sjølv kva arenaer det er naturleg med politisk deltaking på, og kven som representerer hovudutvalet.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021

**Karl Vågstøl (H)** sette på vegner av H fram slikt forslag:  
«Endring av namn på planen:

Bærekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021 - 2033.»

**Terje Søviknes (FrP)** sette på vegner av FrP fram slikt forslag:  
«Endring av namn på planen:

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling»

### Avrøysting

Det var 15 representantar til stades.

Søviknes sitt forslag fekk 3 røyster (FrP, U) og fall.

Vågstøl sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (FrP, U).

Fylkesrådmannen sitt forslag med endring vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet vedtek, ref. Plb.kap.5 §5-2, å sende «Bærekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» slik den ligg føre i vedlegg 1 ut på høyring i perioden 25. januar 2021 - 8. mars 2021.

2. Fylkesutvalet ber hovudutval for næring å følgje opp saka i høyringsperioden. Hovudutvalet vel sjølv kva arenaer det er naturleg med politisk deltaking på, og kven som representerer hovudutvalet

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

**Helge Stormoen (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Endring av navn på plan:

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling»

### Avrøysting

Stormoen sitt forslag fekk 4 røyster (Frp, FNB og UA) og fall. Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek, ref. Plb.kap.5 §5-2, å sende «Bærekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033» slik den ligg føre i vedlegg 1 ut på høyring i perioden 25. januar 2021 - 8. mars 2021.
2. Fylkesutvalet ber hovudutval for næring å følgje opp saka i høyringsperioden. Hovudutvalet vel sjølv kva arenaer det er naturleg med politisk deltaking på, og kven som representerer hovudutvalet.

## PS 12/21 Høyring- forskrift til trossamfunnsloven om forvaltning av kirkebygg

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet ser det som positivt at det, som ein overgangsordning, vert utarbeid forskrift som vidarefører dagens ordning med forvaltning av dei kulturhistorisk verdifulle kyrkjene slik at desse vert sikra eit formelt vern også i den nye trussamfunnslova.
2. Fylkesutvalet ber om at § 2 , andre ledd i forskrifta vert endra til:  
«Riksantikvaren, fylkeskommunen og kirkelige organer kan foreslå endringer i listen. Fylkeskommunen og kirkelige organer sender sine forslag til Riksantikvaren»
3. Fylkesutvalet ber om at § 2, tredje ledd vert endra til:  
«Forslag om endringer i listen legges fram for berørte eiere, fylkeskommuner, kommuner og kirkelige organer før Riksantikvaren treffer sin beslutning.»
4. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv.

## Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021

**Øyvind Strømmen (MDG)** sette på vegne av MDG, A, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet sluttar seg til dei vurderingane som vart lagt fram i det førebelse høyringssvaret sendt frå fylkesdirektøren, men beklager at det ikkje har vore mogleg å handsama saka politisk innanfor høyringsfristen.
2. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv.»

### Avrøysting

Strømmen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Innstillinga vart ikkje røysta over.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet sluttar seg til dei vurderingane som vart lagt fram i det førebelse høyringssvaret sendt frå fylkesdirektøren, men beklagar at det ikkje har vore mogleg å handsama saka politisk innanfor høyringsfristen.
2. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet sluttar seg til dei vurderingane som vart lagt fram i det førebelse høyringssvaret sendt frå fylkesdirektøren, men beklagar at det ikkje har vore mogleg å handsama saka politisk innanfor høyringsfristen.
2. Fylkesutvalet ber om at forvaltninga av dei listeførte kyrkjene sine nære omgjevnader vert nedfelt i eige rundskriv.

### **PS 13/21 Stønad til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO)**

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune gir driftsstøtte for 2021 til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep Hordaland på kr. 220 000,-, og til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep Sogn og Fjordane på kr. 150 000. Løyvinga vert for 2021 dekkja av budsjettmidlar frå folkehelse, under løyvingsnivå til Plan, klima og folkehelse, og budsjettmidlar frå opplæring og kompetanse.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

#### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Vestland fylkeskommune gir driftsstøtte for 2021 til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep Hordaland på kr. 220 000,-, og til Kompetansesenter mot seksuelle overgrep Sogn og Fjordane på kr. 150 000. Løyvinga vert for 2021 dekkja av budsjettmidlar frå folkehelse, under løyvingsnivå til Plan, klima og folkehelse, og budsjettmidlar frå opplæring og kompetanse.

### **PS 14/21 Høyring: NOU 2020:12: Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn**

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune ser på NOU 2020:12 som eit godt kunnskapsgrunnlag for ein styrka innsats inn mot næringsutvikling i distrikt.
2. Verdiskapinga per sysselsett i distriktnæringane er høg, men tilgang på arbeidskraft og kompetanse er ei utfordring. Særleg tilrådingane som gjeld auka tilgang på kompetanse og arbeidskraft i distrikt er viktig for å auke verdiskapinga i framtida. Vestland fylkeskommune støtter tilrådingane til distriktnæringsutvalet om å regionalisere fleire av dei statlege, kompetanseretta verkemidla.



3. Ei styrking av fylkeskommunen sitt handlingsrom gjennom større ansvar for verkemiddel retta mot næringsutvikling vil gjere det lettare å innrette og prioritere verkemidla i samsvar med behovet i det regionale næringslivet. Utvalet peikar på at fylkeskommunen må ha handlingsrom og økonomiske verkemiddel til å kunne ta ei sterkare utviklingsrolle i distrikt med tynne innovasjonssystem og at rammene for dette arbeidet må aukast. Vestland fylkeskommune støttar synspunkta og er klar til å ta ei større rolle som distrikts- og næringsutviklar.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021

**Noralv Distad (H)** sette på vegner av H fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt: Vestland fylkeskommune er samd med tilrådingane om å leggja til rette for auka verdiskaping i distrikta og at det må leggjast større vekt på næringslivet sine behov i utbygging av infrastruktur og i plansaker. Næringslivet i distrikta blir viktige for å nå nasjonale og internasjonale klimamål. Då må det mellom anna leggjast til rette for at ein kan ta klimavennleg kraft meir i bruk til å fremja miljøvennleg industri og transport. Vestland fylkeskommune er samd i at næringane i distrikta både kan skapa vekst og redusera utslepp. Det er difor viktig at distriktsnæringane har rammevilkår som sikrar at dei fullt ut kan ta del i framtidig verdiskaping, med sikre og fleire arbeidsplassar.»

**Tom Hiis Bergh (V)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, V, KrF fram slikt forslag:

«Alternativt forslag til vedtak:

1. Vestland fylkeskommune ser på NOU 2020:12 som eit godt kunnskapsgrunnlag for ei styrka innsats inn mot næringsutvikling i distrikt.

2. Verdiskapinga per sysselsett i distriktsnæringane er høg, men tilgang på arbeidskraft og kompetanse er ei utfordring. Vestland fylke ynskjer å ta eit større heilheitleg regionalt ansvar som samfunnsutviklar enn det regionreforma så langt har lagt opp til. Saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane ynskjer me å lukkast med ei betre samhandling, målretting og desentralisering av utdanningstilbod i regionen. Vestland fylkeskommune vil i den samanheng peika på at ei overføring av det totale ansvaret for høgskulane til dei nye regionane vil kunne bidra til å nå dette målet.

3. Ei styrking av fylkeskommunen sitt handlingsrom gjennom større ansvar for verkemiddel retta mot næringsutvikling vil gjere det lettare å innrette og prioritere verkemidla i samsvar med behovet i det regionale næringslivet. Utvalet peikar på at fylkeskommunen må ha handlingsrom og økonomiske verkemiddel til å kunne ta ei sterkare utviklingsrolle i distrikt med tynne innovasjonssystem og at rammene for dette arbeidet må aukast. Vestland fylkeskommune støttar synspunkta og er klar til å ta ei større rolle som distrikts- og næringsutviklar

4. Vestland fylkeskommune støttar synspunkta at grøn næringsutvikling innanfor industrien, maritim sektor, havnæringane, jordbruk, skogbruk og reiseliv, som føregår i samsvar med FN sine berekraftsmål, kan bidra til å redusere regionale, nasjonale og globale utslepp i tillegg til å skape store verdiar i distriktskommunane. Dersom tilrådingane frå distriktsnæringsutvalet vert følgd frå nasjonalt hald, kan det medverke til auka innsats for grøn omstilling og framtidretta arbeidsplassar i distriktsnæringane, med levande og berekraftige lokalsamfunn som resultat.

5. Vestland fylkeskommune merkar seg at utvalet innanfor temaet samferdsle og transport, særleg peiker på effekten av samferdsleinvesteringar som knyter saman kommunar og skaper større funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar, også i distrikta. Rapporten peiker også på at «..bo- og arbeidsmarknadsregioners egenskaper er viktigere for bedrifters lokalisering, vekst- og utviklingsmuligheter enn enkeltkommuners rammebetingelser og egenskaper.» (kap 8.1.5).

Vestland fylkeskommune meiner dette må vere ei viktig føring for prioriteringar og ambisjonsnivå i ny Nasjonal Transportplan.

6. Rapporten syner til at planlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verkøy for samfunnsutvikling, og at god planlegging bidrar til å fremje næringsutvikling (kap 8.2). Utvalet syner her til Riksrevisjonen sin rapport frå 2018 som syner at regionalt planforum i for liten grad bidreg til å samordne interesser og redusere tal innigelsgar mot kommunale planar. Det blir her særleg peikt på statsforvaltarane sin rolle - ved at deira samordning av innsigelsar ikkje sikrar nok openheit og føreseielege planprosessar.

Vestland fylkeskommune meiner fylkeskommunen sin rolle som samordningsorgan opp mot kommunale planprosessar må styrkast.

7. Distriktsnæringsutvalet peiker på at spreing av arbeidsplassar for folk med høgare utdanning er viktig for å skape ein variert arbeidsmarknad som kan bidra positivt til busetnad og næringsutvikling i distrikta. Utvalet meiner difor at desentralisert lokalisering av offentlege institusjonar er viktig også for å lukkast med næringsutvikling i distrikta, og gir følgjande konkrete tilrådingar:

- Ved oppretting av nye statlege verksemdar, strukturendringar eller omlokaliseringar av eksisterande verksemdar må vurderingar av lokaliseringspolitiske omsyn tilleggast langt større vekt enn det som har vore tilfellet fram til i dag. Det må leggast betydeleg vekt på lokalisering i regionale sentra, der verksemdene har størst potensial til å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplassar, både med omsyn til omfang og bredde.
- Utvalet støtter regjeringa si innstramming som gjer at direktorat og etatar ikkje lenger kan legge ned statlege kontor utan aksept frå regjeringa. Dette ut frå ei erkjening av at ein må unngå at enkeltstader rammast urettmessig hardt når statlege arbeidsplassar flyttast eller leggast ned.
- Det er ei styrke for statlege tilsyn, etatar og direktorat å vere lokalisert saman med sterke næringsmiljø i ulike delar av landet. Dette kan òg gi vekst i forretningsmessige tenestenæringer i distrikta. Det bør utviklast ein politikk for smart spesialisering der statlege verksemdar som er knytta til enkeltnæringer, plasserast i regionar der næringen de fører tilsyn med, også er godt representert. Dette kan bidra til busetting og verdiskaping og til å utvide lokale kompetansmiljø knytta til lokal ressursforvaltning og næringsgrunnlag.
- Positive og negative geografiske verknadar bør synleggjerast før det fattast avgjerder om lokalisering av statlege verksemdar. Utvalet meiner at konsekvensane av endra tilgang til statlege tenester for næringslivet i distriktsområder bør vere ein del av avgjerdsgrunnlaget i store reformer.

Vestland fylkeskommune meiner dette er svært viktige tilrådingar frå Distriktsnæringsutvalet, som vil ha stor betydning også for utvikling av sterke, funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar i heile Vestland fylke.

8. Distriktsnæringsutvalet peiker på at utdanningssystemet spelar ei sentral rolle ved val av bustad og dermed også for tilgangen til framtidig arbeidskraft for næringslivet i ein region. Utvalet viser til studiar som syner at 70% blir verande i regionen der dei har gjennomført studiane, og gir ut frå dette mellom anna følgjande tilrådingar:

- Det bør innførast insentiv for at universitet, høgskolar og fagskolar skal etablere fleircampusmodellar for å møte arbeids- og næringslivets behov over heile landet, samtidig som det skapast relevante kunnskapsmiljø i kryssingspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv.
- Institusjonar innanfor høgare utdanning er i stor grad lokalisert i sentrale områder. Strukturreforma som er gjennomført, vil kunne bidra til ytterlegare sentralisering av utdanningsinstitusjonane, ved at utdanningstilbod i distrikta blir lagt ned. Insentivsystemet og finansieringa av universiteta, høgskolane og fagskolane bør utformast slik at det stimulerer til desentralisert studiestadsstruktur.
- For å dekke det lokale og regionale næringslivets behov for arbeidskraft er det behov for fleksible etter- og vidareutdanningstilbod i regi av universiteta, høgskolane og fagskolane, utover det som tilbydast i dag.
- Koronasituasjonen har vist at digitale plattformer kan brukast i større grad enn tidlegare og dermed kan bidra til at etter- og vidareutdanning i større grad kan tas frå distrikta. For utdanningar som er særleg etterspurt i distrikts-Norge, bør det vurderast undervisningsopplegg som bidrar til desentralisert opplæring

Vestland fylkeskommune ser på dette som heilt sentrale punkt for å lukkast med distriktpolitikken i framtida, og ønskjer eit nært samarbeid med statlege styresmakter i å utvikle fleire og betre desentraliserte utdanningstilbod i heile Vestland fylke.

9. NOU-en peikar på gode vegar, saman med breiband av tilstrekkeleg kapasitet, som avgjerande for god næringsutvikling. Dette er Vestland fylke einig i. Det bør difor utarbeidast ein Nasjonal breibandsplan med handlingsprogram og statleg garanti som sikrar alle husstandar og verksemder breibandstilgang.»

### **Avrøysting**

Det var 15 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet fekk 0 røyster og fall.

Hiis Bergh sitt forslag punkt 1-9 unntatt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Hiis Bergh sitt forslag til punkt 2 vart vedteke mot 5 røyster (U, FrP, 2H).

Distad sitt forslag til nytt punkt vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune ser på NOU 2020:12 som eit godt kunnskapsgrunnlag for ei styrka innsats inn mot næringsutvikling i distrikt.

2. Verdiskapinga per sysselsett i distriktnæringane er høg, men tilgang på arbeidskraft og kompetanse er ei utfordring. Vestland fylke ynskjer å ta eit større heilheitleg regionalt ansvar som samfunnsutviklar enn det regionreforma så langt har lagt opp til. Saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane ynskjer me å lukkast med ei betre samhandling, målretting og desentralisering av utdanningstilbod i regionen. Vestland fylkeskommune vil i den samanheng peika på at ei overføring av det totale ansvaret for høgskulane til dei nye regionane vil kunne bidra til å nå dette målet.

3. Ei styrking av fylkeskommunen sitt handlingsrom gjennom større ansvar for verkemiddel retta mot næringsutvikling vil gjere det lettare å innrette og prioritere verkemidla i samsvar med behovet i det regionale næringslivet. Utvalet peikar på at fylkeskommunen må ha handlingsrom og økonomiske verkemiddel til å kunne ta ei sterkare utviklingsrolle i distrikt med tynne innovasjonssystem og at rammene for dette arbeidet må aukast. Vestland fylkeskommune støttar synspunkta og er klar til å ta ei større rolle som distrikts- og næringsutviklar

4. Vestland fylkeskommune støttar synspunkta at grøn næringsutvikling innanfor industrien, maritim sektor, havnæringane, jordbruk, skogbruk og reiseliv, som føregår i samsvar med FN sine berekraftsmål, kan bidra til å redusere regionale, nasjonale og globale utslepp i tillegg til å skape store verdiar i distriktskommunane. Dersom tilrådingane frå distriktnæringsutvalet vert følgd frå nasjonalt hald, kan det medverke til auka innsats for grøn omstilling og framtidsetta arbeidsplassar i distriktnæringane, med levande og berekraftige lokalsamfunn som resultat.

5. Vestland fylkeskommune merkar seg at utvalet innanfor temaet samferdsle og transport, særleg peiker på effekten av samferdsleinvesteringar som knyter saman kommunar og skaper større funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar, også i distrikta. Rapporten peiker også på at «...bo- og arbeidsmarkedsregioners egenskaper er viktigere for bedrifters lokalisering, vekst- og utviklingsmuligheter enn enkeltkommuners rammebetingelser og egenskaper.» (kap 8.1.5).

Vestland fylkeskommune meiner dette må vere ei viktig føring for prioriteringar og ambisjonsnivå i ny Nasjonal Transportplan.

6. Rapporten syner til at planlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verktøy for samfunnsutvikling, og at god planlegging bidrar til å fremje næringsutvikling (kap 8.2). Utvalet syner her til Riksrevisjonen sin rapport frå 2018 som syner at regionalt planforum i for liten grad bidreg til å samordne interesser og redusere tal innigelsar mot kommunale planar. Det blir her særleg peikt på statsforvaltarane sin rolle - ved at deira samordning av innsigelsar ikkje sikrar nok openheit og føreseielege planprosessar.

Vestland fylkeskommune meiner fylkeskommunen sin rolle som samordningsorgan opp mot kommunale planprosessar må styrkast.

7. Distriktsnæringsutvalet peiker på at spreining av arbeidsplassar for folk med høgare utdanning er viktig for å skape ein variert arbeidsmarknad som kan bidra positivt til busetnad og næringsutvikling i distrikta. Utvalet meiner difor at desentralisert lokalisering av offentlege institusjonar er viktig også for å lukkast med næringsutvikling i distrikta, og gir følgande konkrete tilrådingar:

- Ved oppretting av nye statlege verksemder, strukturendringar eller omlokaliseringar av eksisterande verksemder må vurderingar av lokaliseringspolitiske omsyn tillegkast langt større vekt enn det som har vore tilfellet fram til i dag. Det må leggjast betydeleg vekt på lokalisering i regionale sentra, der verksemdene har størst potensial til å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplassar, både med omsyn til omfang og bredde.
- Utvalet støtter regjeringa si innstramming som gjer at direktorat og etatar ikkje lenger kan legge ned statlege kontor utan aksept frå regjeringa. Dette ut frå ei erkjenning av at ein må unngå at enkeltstader rammast urettmessig hardt når statlege arbeidsplassar flyttast eller leggjast ned.
- Det er ei styrke for statlege tilsyn, etatar og direktorat å vere lokalisert saman med sterke næringsmiljø i ulike delar av landet. Dette kan òg gi vekst i forretningsmessige tenestenæringar i distrikta. Det bør utviklast ein politikk for smart spesialisering der statlege verksemder som er knytta til enkeltnæringar, plasserast i regionar der næringen de fører tilsyn med, også er godt representert. Dette kan bidra til busetting og verdiskaping og til å utvide lokale kompetansmiljø knytta til lokal ressursforvaltning og næringsgrunnlag.
- Positive og negative geografiske verknadar bør synleggjerast før det fattast avgjerder om lokalisering av statlege verksemder. Utvalet meiner at konsekvensane av endra tilgang til statlege tenester for næringslivet i distriktsområder bør vere ein del av avgjerdsgrunnlaget i store reformer.

Vestland fylkeskommune meiner dette er svært viktige tilrådingar frå Distriktsnæringsutvalet, som vil ha stor betydning også for utvikling av sterke, funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar i heile Vestland fylke.

8. Distriktsnæringsutvalet peiker på at utdanningssystemet spelar ei sentral rolle ved val av bustad og dermed også for tilgangen til framtidig arbeidskraft for næringslivet i ein region. Utvalet viser til studiar som syner at 70% blir verande i regionen der dei har gjennomført studiane, og gir ut frå dette mellom anna følgande tilrådingar:

- Det bør innførast insentiv for at universitet, høgskolar og fagskolar skal etablere fleircampusmodellar for å møte arbeids- og næringslivets behov over hele landet, samtidig som det skapast relevante kunnskapsmiljø i kryssingspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv.
- Institusjonar innanfor høgare utdanning er i stor grad lokalisert i sentrale områder. Strukturreforma som er gjennomført, vil kunne bidra til ytterlegare sentralisering av utdanningsinstitusjonane, ved at utdanningstilbod i distrikta blir lagt ned. Insentivsystemet og finansieringa av universiteta, høgskolane og fagskolane bør utformast slik at det stimulerer til desentralisert studiestadsstruktur.
- For å dekke det lokale og regionale nærings- og livets behov for arbeidskraft er det behov for fleksible etter- og vidareutdanningstilbod i regi av universiteta, høgskolane og fagskolane, utover det som tilbydast i dag.
- Koronasituasjonen har vist at digitale plattformer kan brukast i større grad enn tidlegare og dermed kan bidra til at etter- og vidareutdanning i større grad kan tas frå distrikta. For utdanningar som er særleg etterspurt i distrikts-Norge, bør det vurderast undervisningsopplegg som bidrar til desentralisert opplæring

Vestland fylkeskommune ser på dette som heilt sentrale punkt for å lukkast med distriktpolitikken i framtida, og ønskjer eit nært samarbeid med statlege styresmakter i å utvikle fleire og betre desentraliserte utdanningstilbod i heile Vestland fylke.

9. NOU-en peikar på gode vegar, saman med breiband av tilstrekkeleg kapasitet, som avgjerande for god næringsutvikling. Dette er Vestland fylke einig i. Det bør difor utarbeidast ein Nasjonal breibandspann med handlingsprogram og statleg garanti som sikrar alle husstandar og verksemder breibandstilgang.»

10. Vestland fylkeskommune er samd med tilrådingane om å leggja til rette for auka verdiskaping i distrikta og at det må leggjast større vekt på næringslivet sine behov i utbygging av infrastruktur og i plansaker. Næringslivet i distrikta blir viktige for å nå nasjonale og internasjonale klimamål. Då må det mellom anna leggjast til rette for at ein kan ta klimavennleg kraft meir i bruk til å fremja miljøvennleg industri og transport. Vestland fylkeskommune er samd i at næringane i distrikta både

kan skapa vekst og redusera utslepp. Det er difor viktig at distriktsnæringane har rammevilkår som sikrar at dei fullt ut kan ta del i framtidig verdiskaping, med sikre og fleire arbeidsplassar.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

**Trude Brosvik (Krf)** sette på vegner av Krf, A, Sp, MDG, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 9:

Det er av stor betydning at nettkapasiteten vert styrka slik at han ikkje er til hinder for etablering av nye arbeidsplassar. Sameleis må nettleiga utjamnast, slik at område med produksjon av kraft ikkje har dyrare nettleige enn andre område.

Nytt punkt:

Distriktsnæringsutvalet peikar på at innvandring dei siste 10-15 åra har bidrege til å halde oppe og auke folketalet i mange distriktskommunar, og har vore viktig for utvikling av næringslivet i distrikta. Ut frå ønskje om god integrering og busetjing over heile landet, og kunnskap om at kvaliteten på integrering ikkje er avhengig av kommunestorleik, meiner Vestland fylkeskommune at alle kommunar bør få tilbod om å busette flyktningar.

Nytt punkt:

Kapitaltilgang er ei sentraliserande marknadskraft. For å motverke det er det viktig å styrke lokalt eigarskap, lokale finansieringsinstitusjonar, regionale verkemiddel og kommunale næringsfond. Tilgang til, og samarbeid med, gode FOU-miljø med kjennskap til lokale utfordringar, vil også vere viktig.»

**Hilde Horpen (Sp)** sette på vegner av Sp og SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet merkar seg at Distriktnæringsutvalet peikar på at EØS avtalen set begrensingar på Norsk handlingsrom overfor næringslivet i distrikta. På den andre sida meiner fylkesutvalet at internasjonale avtaler er viktige for utvikling av næringslivet. Dei siste åra har EØS vore viktig, og fylkesutvalet meiner at ein i framtida må ha gode avtaler som sikrar marknadstilgang til både EU, Storbritannia og resten av verda.»

**Alfred Bjørlo (V)** sette på vegner av V, A, MDG, V og Krf fram slikt forslag:

«Nytt punkt:

Fylkesutvalet merkar seg at Distriktnæringsutvalet konkluderer med at EØS-avtalen har fungert som ei stabil og føreseieleg ramme for norsk økonomi og næringsliv, og peiker på at dette har vore særskilt viktig for næringsliv og arbeidsplassar i distrikta. I Vestland fylke er industri og fiskeri/havbruk/sjømat berejlkane for mange lokalsamfunn rundt om i heile fylket. Fylkesutvalet ser det difor som avgjerande for vidare utvikling av næringslivet i Vestland at EØS-avtalen ligg fast.»

## Avrøysting

Innstillinga utan punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp og FNB).

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Horpen sitt forslag fekk 4 røyster (Sp, SV og UA) og fall.

Bjørlo sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (Sp, SV og UA).

## Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ser på NOU 2020:12 som eit godt kunnskapsgrunnlag for ei styrka innsats inn mot næringsutvikling i distrikt.

2. Verdiskapinga per sysselsett i distriktsnæringane er høg, men tilgang på arbeidskraft og kompetanse er ei utfordring. Vestland fylke ynskjer å ta eit større heilheitleg regionalt ansvar som samfunnsutviklar enn det regionreforma så langt har lagt opp til. Saman med næringslivet og utdanningsinstitusjonane ynskjer me å lukkast med ei betre samhandling, målretting og desentralisering av utdanningstilbod i regionen. Vestland fylkeskommune vil i den samanheng peika på at ei overføring av det totale ansvaret for høgskulane til dei nye regionane vil kunne bidra til å nå dette målet.

3. Ei styrking av fylkeskommunen sitt handlingsrom gjennom større ansvar for verkemiddel retta mot næringsutvikling vil gjere det lettare å innrette og prioritere verkemidla i samsvar med behovet i det regionale næringslivet. Utvalet peikar på at fylkeskommunen må ha handlingsrom og økonomiske verkemiddel til å kunne ta ei sterkare utviklingsrolle i distrikt med tynne innovasjonssystem og at rammene for dette arbeidet må aukast. Vestland fylkeskommune støttar synspunkta og er klar til å ta ei større rolle som distrikts- og næringsutviklar

4. Vestland fylkeskommune støttar synspunkta at grøn næringsutvikling innanfor industrien, maritim sektor, havnæringane, jordbruk, skogbruk og reiseliv, som føregår i samsvar med FN sine berekraftsmål, kan bidra til å redusere regionale, nasjonale og globale utslepp i tillegg til å skape store verdiar i distriktskommunane. Dersom tilrådingane frå distriktsnæringsutvalet vert følgd frå nasjonalt hald, kan det medverke til auka innsats for grøn omstilling og framtidsetta arbeidsplassar i distriktsnæringane, med levande og berekraftige lokalsamfunn som resultat.

5. Vestland fylkeskommune merkar seg at utvalet innanfor temaet samferdsle og transport, særleg peiker på effekten av samferdsleinvesteringar som knyter saman kommunar og skaper større funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar, også i distrikta. Rapporten peiker også på at «...bo- og arbeidsmarkedsregioners egenskaper er viktigere for bedrifters lokalisering, vekst- og utviklingsmuligheter enn enkeltkommuners rammebetingelser og egenskaper.» (kap 8.1.5).

Vestland fylkeskommune meiner dette må vere ei viktig føring for prioriteringar og ambisjonsnivå i ny Nasjonal Transportplan.

6. Rapporten syner til at planlegging etter plan- og bygningslova er eit viktig verktøy for samfunnsutvikling, og at god planlegging bidrar til å fremje næringsutvikling (kap 8.2). Utvalet syner her til Riksrevisjonen sin rapport frå 2018 som syner at regionalt planforum i for liten grad bidreg til å samordne interesser og redusere tal innigelsgar mot kommunale planar. Det blir her særleg peikt på statsforvaltarane sin rolle - ved at deira samordning av innsigelsar ikkje sikrar nok openheit og føreseielege planprosessar.

Vestland fylkeskommune meiner fylkeskommunen sin rolle som samordningsorgan opp mot kommunale planprosessar må styrkast.

7. Distriktsnæringsutvalet peiker på at spreiding av arbeidsplassar for folk med høgare utdanning er viktig for å skape ein variert arbeidsmarknad som kan bidra positivt til busetnad og næringsutvikling i distrikta. Utvalet meiner difor at desentralisert lokalisering av offentlege institusjonar er viktig også for å lukkast med næringsutvikling i distrikta, og gir følgjande konkrete tilrådingar:

- Ved oppretting av nye statlege verksemder, strukturendringar eller omlokaliseringar av eksisterande verksemder må vurderingar av lokaliseringspolitiske omsyn tilleggast langt større vekt enn det som har vore tilfellet fram til i dag. Det må leggast betydeleg vekt på lokalisering i regionale sentra, der verksemdene har størst potensial til å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplassar, både med omsyn til omfang og bredde.
- Utvalet støttar regjeringa si innstramming som gjer at direktorat og etatar ikkje lenger kan legge ned statlege kontor utan aksept frå regjeringa. Dette ut frå ei erkjening av at ein må unngå at enkeltstader rammast urettmessig hardt når statlege arbeidsplassar flyttast eller leggast ned.
- Det er ei styrke for statlege tilsyn, etatar og direktorat å vere lokalisert saman med sterke næringsmiljø i ulike delar av landet. Dette kan òg gi vekst i forretningsmessige tenestenæringar i distrikta. Det bør utviklast ein politikk for smart spesialisering der statlege verksemder som er knytta til enkeltnæringar, plasserast i regionar der næringen de fører tilsyn med, også er godt representert. Dette kan bidra til busetting og verdiskaping og til å utvide lokale kompetansmiljø knytta til lokal ressursforvaltning og næringsgrunnlag.
- Positive og negative geografiske verknadar bør synleggjerast før det fattast avgjerder om lokalisering av statlege verksemder. Utvalet meiner at konsekvensane av endra tilgang til statlege tenester for næringslivet i distriktsområder bør vere ein del av avgjerdsgrunnlaget i store reformer.

Vestland fylkeskommune meiner dette er svært viktige tilrådingar frå Distriktsnæringsutvalet, som vil ha stor betydning også for utvikling av sterke, funksjonelle bu- og arbeidsmarknadsregionar i heile Vestland fylke.

8. Distriktsnæringsutvalet peiker på at utdanningssystemet spelar ei sentral rolle ved val av bustad og dermed også for tilgangen til framtidig arbeidskraft for næringslivet i ein region. Utvalet viser til studiar som syner at 70% blir verande i regionen der dei har gjennomført studiane, og gir ut frå dette mellom anna følgjande tilrådingar:

- Det bør innførast insentiv for at universitet, høgskolar og fagskolar skal etablere fleircampusmodellar for å møte arbeids- og næringslivets behov over heile landet, samtidig som det skapast relevante kunnskapsmiljø i kryssingspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv.
- Institusjonar innanfor høgare utdanning er i stor grad lokalisert i sentrale områder. Strukturreforma som er gjennomført, vil kunne bidra til ytterlegare sentralisering av utdanningsinstitusjonane, ved at utdanningstilbod i distrikta blir lagt ned. Insentivsystemet og finansieringa av universiteta, høgskolane og fagskolane bør utformast slik at det stimulerer til desentralisert studiestadsstruktur.
- For å dekke det lokale og regionale næringslivets behov for arbeidskraft er det behov for fleksible etter- og vidareutdanningstilbod i regi av universiteta, høgskolane og fagskolane, utover det som tilbydast i dag.
- Koronasituasjonen har vist at digitale plattformer kan brukast i større grad enn tidlegare og dermed kan bidra til at etter- og vidareutdanning i større grad kan tas frå distrikta. For utdanningar som er særleg etterspurt i distrikts-Norge, bør det vurderast undervisningsopplegg som bidrar til desentralisert opplæring

Vestland fylkeskommune ser på dette som heilt sentrale punkt for å lukkast med distriktspolitikken i framtida, og ønskjer eit nært samarbeid med statlege styresmakter i å utvikle fleire og betre desentraliserte utdanningstilbod i heile Vestland fylke.

9. NOU-en peikar på gode vegar, saman med breiband av tilstrekkeleg kapasitet, som avgjerande for god næringsutvikling. Dette er Vestland fylke einig i. Det bør difor utarbeidast ein Nasjonal breibandsplan med handlingsprogram og statleg garanti som sikrar alle husstandar og verksemder breibandstilgang.

Det er av stor betydning at nettkapasiteten vert styrka slik at han ikkje er til hinder for etablering av nye arbeidsplassar. Sameleis må nettleiga utjamnast, slik at område med produksjon av kraft ikkje har dyrare nettleige enn andre område.

10. Vestland fylkeskommune er samd med tilrådingane om å leggja til rette for auka verdiskaping i distrikta og at det må leggjast større vekt på næringslivet sine behov i utbygging av infrastruktur og i plansaker. Næringslivet i distrikta blir viktige for å nå nasjonale og internasjonale klimamål. Då må det mellom anna leggjast til rette for at ein kan ta klimavennleg kraft meir i bruk til å fremja miljøvennleg industri og transport. Vestland fylkeskommune er samd i at næringane i distrikta både kan skapa vekst og redusera utslepp. Det er difor viktig at distriktsnæringsane har rammevilkår som sikrar at dei fullt ut kan ta del i framtidig verdiskaping, med sikre og fleire arbeidsplassar.

11. Distriktsnæringsutvalet peikar på at innvandring dei siste 10-15 åra har bidrege til å halde oppe og auke folketalet i mange distriktskommunar, og har vore viktig for utvikling av næringslivet i distrikta. Ut frå ønskje om god integrering og busetjing over heile landet, og kunnskap om at kvaliteten på integrering ikkje er avhengig av kommunestorleik, meiner Vestland fylkeskommune at alle kommunar bør få tilbod om å busette flyktningar.

12. Kapitaltilgang er ei sentraliserande marknadskraft. For å motverke det er det viktig å styrke lokalt eigarskap, lokale finansieringsinstitusjonar, regionale verkemiddel og kommunale næringsfond. Tilgang til, og samarbeid med, gode FOU-miljø med kjennskap til lokale utfordringar, vil også vere viktig.

13. Fylkesutvalet merkar seg at Distriktsnæringsutvalet konkluderer med at EØS-avtalen har fungert som ei stabil og føreseieleg ramme for norsk økonomi og næringsliv, og peiker på at dette har vore særskilt viktig for næringsliv og arbeidsplassar i distrikta. I Vestland fylke er industri og fiskeri/havbruk/sjømat berebjelkane for mange lokalsamfunn rundt om i heile fylket. Fylkesutvalet ser det difor som avgjerande for vidare utvikling av næringslivet i Vestland at EØS-avtalen ligg fast.

## PS 15/21 Invitasjon til å teikne aksjar i investeringsfondet Peak Venture I AS

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune takkar nei til invitasjonen om å delta som investor i investeringsfondet Peak Venture I AS

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett. Saka vert sendt til hovudutval for næring.»

### Avrøysting utsetjingsforslag

Øren Heen sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Frp, 1 H, UA og FNB).

### Vedtak

Saka vert utsett. Saka vert sendt til hovudutval for næring.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021

#### Avrøysting

Det var 15 personar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.

#### Innstilling til fylkesutvalet

Vestland fylkeskommune takkar nei til invitasjonen om å delta som investor i investeringsfondet Peak Venture I AS

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021

#### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Vestland fylkeskommune takkar nei til invitasjonen om å delta som investor i investeringsfondet Peak Venture I AS.

## PS 16/21 Innspel til norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.
2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 12.01.2021

#### Avrøysting

Det var 15 personar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling til fylkesutvalet vart samrøystes vedteke.



### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.
2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar.

### **Saksprotokoll i Hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.01.2021**

**Gunn Åmdal Mongstad (Sp)** sette på vegne av A, MDG, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Tillegg til punkt 2:

Det vert også vist til dei gode erfaringane mange frivillige organisasjonar og lokalsamfunn har hatt som vertskap for ungdom gjennom ordninga med Europeisk Volontørteneste/EVS, og ber om at Noreg gjennom partnerskap i ESC, vil gjere det mogleg å delta i dette arbeidet att.»

### **Avrøysting**

Innstillinga med Mongstad sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.
2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar. Det vert også vist til dei gode erfaringane mange frivillige organisasjonar og lokalsamfunn har hatt som vertskap for ungdom gjennom ordninga med Europeisk Volontørteneste/EVS, og ber om at Noreg gjennom partnerskap i ESC, vil gjere det mogleg å delta i dette arbeidet att

### **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 14.01.2021**

**Nils Haugland, FNB**, sette fram slikt forslag:

«Hovudutval for opplæring og kompetanse tek saka til vitande.»

### **Avrøysting**

Haugland sitt forslag fekk 1 røyst (FNB) og fall.  
Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 14 røyster og vart vedteke mot ei røyst (FNB).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.
2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga frå hovudutval for kultur, idrett og integrering vart lagt til grunn for avrøystinga.  
Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet i Vestland fylke vedtek høyringsfråsegnene om norsk deltaking i europeiske samarbeidsprogram slik dei kjem fram av saksutgreiinga og vedlegg.

2. Vestland fylkeskommune oppmodar til at Norge blir med i European Solidarity Corps, slik at kommunar og organisasjonar kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar. Det vert også vist til dei gode erfaringane mange frivillige organisasjonar og lokalsamfunn har hatt som vertskap for ungdom gjennom ordninga med Europeisk Volontørtjeneste/EVS, og ber om at Noreg gjennom partnerskap i ESC, vil gjere det mogleg å delta i dette arbeidet att.

## **PS 17/21 Nasjonal rassikringsgruppe - uttale til foreslåtte vedtekter frå 2020**

### **Forslag til innstilling**

1. Vestland fylkeskommune gir sin tilslutnad til dei foreslåtte vedtektene for Nasjonal rassikringsgruppe.

### **Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 12.01.2021**

**Jenny Følling (Sp)** reiste spørsmål kring eiga habilitet, då ho sit som medlem i Nasjonal rassikringsgruppe.

Utvalet vedtok samrøystes at Følling var habil og kunne ta del i saksbehandlinga.

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune gir sin tilslutnad til dei foreslåtte vedtektene for Nasjonal rassikringsgruppe.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.01.2021**

### **Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune gir sin tilslutnad til dei foreslåtte vedtektene for Nasjonal rassikringsgruppe.

---

Saksnr: 2020/35690-56  
Saksbehandlar: Åshild Fossgard Sandøy  
Dato: 19.01.2021

---

---

**Til:** Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## Tillegg til sak Konkurransetutting av båtsamband i Sogn og Fjordane - notat til innspel i forkant av handsaming PS 3/2021

Følgande innspel er notert frå HU SAMO 12. januar

- **Kystvegekspressen - forslag frå FrP**

*Før utlysning skal ein utgreie ei løysing med hurtigare fartøy på Kystvegekspressen*

### Korleis kan vi oppnå høgare fart?

Det er mogleg å redusere overfartstida, med konsekvensar for økonomi og miljø.

Administrasjonen har bedt LMG Marin vurdere dette. Høgare fart kan løysast på ulike måtar:

- Med rein dieseldrift kan fartøyet auke farta som ønska. Det gjev lågare kostnader, men ikkje noko utsleppskutt på sambandet. For Rutepakke 2 vil løysinga redusere forventa hybridgrad frå 57 til 50 % og CO2-kutt frå 52 til 44 %. Klimakravet må tilpassast tilsvarande.
- Å redusere farta til 70 minutt med eit hybridfartøy er svært krevjande frå ein teknisk ståstad. Då må fartøyet forlengast vesentleg og utformast meir energieffektivt. Eit slikt

fartøy er ikkje hyllevare og utløyser høgare utviklingskostnad, høgare kapitalinvestering i fartøy og energisystem og høgare driftskostnader.

- Det kan vere mogleg å redusere reisetida ned mot 75 minutt ved å auka generatorstorleiken og å ta i bruk meir diesel på overfarten. Det halverer forventa hybridgrad, krev høgare kapitalinvesteringar i fartøy og energisystem og høgare driftskostnader. Allereie ved 80 minutt fører større motor til høgare driftskostnadar på grunn av mannskapskrav. For Rutepakke 2 vil løysinga redusere forventa hybridgrad frå 57 til 53 % og CO<sub>2</sub>-kutt frå 52 til 48 %. Klimakravet må tilpassast tilsvarande.

LMG Marin påpeiker at ved vestleg vindretning over Frøysjøen vil høgare fart gje dårleg komfort på eit såpass lite fartøy – uavhengig av framdrift. Vidare vil eit hybridfartøy ha minimal margin med tanke på motsjø. Begge tilhøva vil auke faren for forseinking og dårleg driftsregularitet. Kundane kan oppleve meir forseinkingar og operatør vil prise inn risikoen for innstillings- og forseinkingsgebyr.

Dersom det er ønskjeleg at operatør ved driftsavvik og bruk av reservefartøy skal halde same rufefart, vil eit krav om høgare fart for Kystvegekspressen tilsei at vinnande operatør må prise inn eit ytterlegare reservefartøy med høgare fart i sine tilbod. Dette vil fordyre driftskontrakten for Rutepakke 2.

#### Korleis kan vi leggje til rette for permanent bruk av pilotfartøy på Kystvegekspressen?

Pilotering av ny teknologi omfattar uttesting av fartøy utan passasjerar før teknisk godkjenning ligg føre. Først etter eventuelle tilpassingar og tryggleiksgodkjenning kan teknologien demonstrerast med passasjerar. Som skildra i tilleggsnotatet i september 2020 kan pilotdrifta utgjere eit supplement til den allereie ordinære ruteproduksjonen, slik at reisetilbodets stabilitet ikkje vert påverka. Det gjev høve til å teste pilotfartøyet under ulike vêrtilhøve på ulike samband.

Det er tidlegare nemnd at pilotfartøyet etter **end**t pilotdrift kan takast i bruk i anten Rutepakke 1 eller Rutepakke 2, alternativt andre driftskontrakter i tidlegare Hordaland. Dersom det er ønskjeleg å legge tilrette for at pilotfartøyet skal kunne erstatte fartøyet som driftar Kystvegekspressen etter endt pilotperiode kan dette løysast på ulike måte:

- Byte ut hybridfartøyet på ruta med pilotfartøyet, mot kompensasjon for tapte kapitalinvesteringar
- Dieseldrift med kortare driftsperiode for denne ruta i ny kontrakt
- Eigen kontrakt for ruta med dieseldrift før pilotfartøyet er godkjend

Første alternativ er vurdert som svært lite eigna på grunn av høge kompensasjonskostnader.

For det andre alternativet bør Kystvegekspressen ikkje inngå i Klimakravet for Rutepakke 2 og kravet justerast tilsvarande. Alternativ 2 og 3 inneber ein svært kort kontraktperiode for dieselfartøyet og bruk av eksisterande fartøy vil derfor vere økonomisk fordelaktig. Dette betyr at operatørselskap som eig/disponerer eigna dieselfartøy, eller som klarar å skaffe dette, vil kunne ha eit konkurransefortrinn.

Administrasjonen må undersøkje tilgangen på denne typen fartøy i marknaden og vil gjennomføre ein kort dialogrunde. Vidare må administrasjonen sjå nærmare på kostnadane knytt til alternativ 2 og 3. Desse vurderingane vil medføre ei forskyving av konkurransekunngjeringa med 3-4 veker. For at fylkesrådmannen skal kunne kunngjere så snart som mogeleg etter denne dialogrunden er det naudsynt at fylkesrådmannen gis fullmakt til å velje den beste kontraktsløyninga basert på marknadenes tilbakemeldingar.

- **Krav til leikeareal ivaretatt i kontrakten?**

Dagens fartøy om drifter sambanda mellom Bergen - Nordfjord og Bergen – Sogn/Flåm har avsatt eit dedikert leikeareal for born. Dette arealet er mykje i bruk og vert opplevd som svært positivt for dei reisande med små born. Ettersom reisetida på dei lengste strekningane er lang, vil det også for ny kontrakt bli stilt krav om slikt areal inne i passasjersalongen. Arealet skal vere på minimum 3 m2 og skal som eit minimum vere utrusta med anlegg for visning film.

- **Stad Skipstunnel – forslag frå FrP:**

*Fylkesutvalet ber om at det før utlysning vert utgreia korleis konkurransen kan innrettast slik at det ikkje hindrer framtidige rutekjøp nordover mot Ålesund etter at Stad Skipstunnel opnar*

Det føreligg ei utgreiing av COWI på bestilling frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland fylkeskommunar: «Utgreiing av hurtigbåtrute Bergen- Ålesund». Rapporten vart levert i februar 2019.

Administrasjonen ser førebels at endring i rutetilbodet kan gjennomførast på ulike måtar:

1. Strekninga Selje- Ålesund vert inkorporert i Rutepakke 1 eller Rutepakke 2 ved bruk av endringsbestemmingane etter at Stad skipstunnel er opna. Endringsbestemmingar i kontrakten opnar for dette alternativet dersom/når Stad skipstunnel opnar. Kommande operatør vert i ein slik situasjon kompensert for estimerte meir-/mindrekostnader knytt til endringane.
2. Fylkeskommunen lyser ut ein ny kontrakt for drift av strekninga Selje- Ålesund.
3. Fylkeskommunen nyttar pilotfartøyet til strekninga Selje- Ålesund, dersom resultatane av pilotfasen opnar for dette.

Følgjande endringsklausul vert innarbeidd i kontrakten for Rutepakke 1 og Rutepakke 2:

*«Oppdragsgjevar har rett til å påleggje Operatør endringar i Ruteproduksjonen som følgje av ferdigstilling av Stad Skipstunnel. Endringa vil til dømes kunne innebere at rutetilbodet vert forlenga til Ålesund. Endringa vil også kunne innebere drift av fleire fartøy. Operatør si godtgjersle vil ved ei slik endring bli justert basert på Operatørs estimerte meir-/mindrekostnader som følgje av endringa.»*

Vidare prosess for handsaming av korleis fylkeskommunen vil nytte ein framtidig skipstunell vil bli starta opp i 2021, og lagt fram til politisk handsaming.

*Bakgrunnsinfo om tidlegare utgreiing i regi av Vestlandsrådet:* Bakgrunnen for utgreiinga er at Stad skipstunnel er planlagt opna i 2025, og vil mogleggjere eit hurtigbåtsamband som på grunn av vørtilhøva ikkje er mogleg i dag. Arbeidet skulle kartlegge marknadspotensialet for båtsambandet, samt effektane det kan ha på utviklinga av bu- og arbeidsregionane i korridoren. I tillegg skal konsekvensar for servicenivå, passasjertal, miljø, driftsøkonomi, anleggsbehov og anleggsøkonomi vurderast. Med dette som bakgrunn tilrår rapporten driftskonsept og framdriftsteknologi for båtruta.

Seglingstida mellom Selje og Ålesund er estimert til 1 time og 40 min med bruk av Stad Skipstunnel. Transportbehovet for mogleg samband mellom Bergen og Ålesund vart analysert i utgreiinga, basert på tidlegare utgreiingar supplert med eigne vurderingar. Estimata peiker på at den nye strekninga mellom Selje og Ålesund vil få relativt låg belastning per avgang. Estimat frå

SINTEF i 2007 tyder på ein båt mellom Selje og Ålesund vil kunne generere om lag 90 dagsreisande, og COWI anslår om lag 70 nye daglege reiser.

Rapporten tek for seg ulike konsept, og tilrår i tråd med konsept. Det vert skildra ulike alternativ kor strekninga Bergen- Ålesund vert drifta av 2, 3 eller 4 båtar etter eventuell opning av Stad skipstunnel. COWI tilrår ulike endringar i rutetilbodet som vil gjere ruta kortare, av omsyn til passasjerane og effektiv drift. Desse endringane gjeld stort sett endringar i stoppmønster og rute. Rapporten nemner så vidt moglegheita for å sette inn ein liten båt på mellom Måløy og Ålesund som ei forlenging av dagens Bergen- Sogn, men meiner denne er problematisk då det gir ei relativt kostbar løysing. COWI tilrår vidare arbeid med eit konsept med to båtar, som startar i høvesvis Selje og Florø, og sluttar på motsett stad, med ein del færre stoppestader enn opphavleg rute.